

Eit spesialpedagogisk blikk inn mot ei evt overføring av elevar frå Mo skule til SUBUS

Ei eventuell overføring av om lag 30 elevar frå Mo skule til SUBUS frå hausten vil få store konsekvensar for kvaliteten på opplæringstilbodet vårt. Per i dag har skulen allereie avgrensa kapasitet når det gjeld rom, fasilitetar og tilgang på nødvendige ressursar. Ei ytterlegare auke i elevtal vil forsterke presset på både undervisningsrom, grupperom og fellesareal, og gjere det vanskeleg å organisere undervisninga på ein pedagogisk forsvarleg måte.

Eit særleg viktig moment er den aukande delen elevar som har behov for tilrettelagd og særskilt tilpassa opplæring. Eit aukande antal elevar treng eit eige rom til dispensasjon heile skuledagen, noko som igjen fører til enda større press på dei alt for få grupperomma vi har til å organisere tilpassa og differensiert opplæring. Sjølv om prosentdelen elevar med enkeltvedtak kan sjå ut til å vere stabil på papiret og i budsjett, så aukar det faktiske talet elevar med omfattande behov. I praksis betyr dette fleire elevar som treng tett oppfølging, rolege omgjevnader og fleksible løysingar. Når rammene ikkje strekk til, vil elevgruppene bli større og meir samansette, noko som gjer det vanskeleg å gi den individuelle oppfølginga elevane har krav på.

Manglande areal og tilrettelegging vil også kunne føre til utrygge lærings situasjonar. Utrygge elevar har dårlegare føresetnader for læring, og dette kan få langsiktige konsekvensar både fagleg og sosialt. Vi ser òg ein reell risiko for at fleire elevar vil utvikle utfordringar knytt til ufrivillig skulefråvær dersom skulekvardagen opplevast som uoversiktleg eller belastande.

Vidare vil eit auka elevtal utan tilsvarande styrking av ressursar legge eit betydeleg press på fagmiljøet ved skulen. Lærarar og tilsette vil få mindre tid til kvar elev, og høvet til fagleg utvikling og samarbeid kan bli svekka. Dette kan over tid gå ut over både kvaliteten på undervisninga og arbeidsmiljøet.

Frå eit økonomisk perspektiv vil ei slik overføring mest truleg kun vere å sjå som ei kortsiktig innsparing, men vil i realiteten føre til auka kostnader. Behovet for ekstra tiltak, vikarbruk, spesialundervisning og oppfølging av elevar med skulefråvær vil kunne overstige dei potensielle gevinstane.

Samla sett vil ei overføring av elevar utan tilstrekkeleg styrking av kapasitet og ressursar svekke både læringsmiljøet og det sosiale miljøet ved skulen.

God opplæring krev meir enn fleire elevar i same bygg – det krev rom, ressursar og rammer som faktisk gjer læring mogleg.

Marina K. Fiske

Leiar inkluderingsteam 1.-7.trinn- Surnadal barne- og ungdomsskule